HJARTDAL KOMMUNE

Kommuneplanens arealdel 2024-2033

Planprogram

Høyringsutkast

Innhald

1 Kort fortalt ... 3
1.1 Kommuneplanen ... 3
1.2 Om planprogrammet ... 3
1.3 Føremålet med planarbeidet ... 4
1.4 Om planområdet Hjartdal kommune ... 4
2 Rammer og føringar for planarbeidet ... 6
2.1 Nasjonale føringar ... 6
2.2 Område med restriksjonar eller særlege verneinteresser ... 8
2.3 Regionale føringar ... 9
2.4 Lokale føringar ... 9
3 Utviklingstrekk, utfordringar og viktige problemstillingar ... 10
3.1 Folketalsutvikling og busettingsmønster ... 10
3.2 Fritidsbustadar ... 12
3.3 Landbruksnæringa ... 13
4 Hovudtema for planarbeidet ... 14
4.1 Variert bustadtilbod ... 14
4.2 Tuddal er satsingsområde for fritidsbustader og destinasjonsutvikling ... 16
4.3 Natur- og kulturverdiar skal takast vare på og brukast i lokal verdiskaping ... 17
4.4 Samfunnstryggleik og klimatilpassing ... 20
5 Planprosessen ... 21
5.1 Prosjektorganisering ... 21
5.2 Framdrift ... 21
5.3 Medverknad ... 22
5.4 Innspel til planarbeidet ... 23
6 Utgreiingstema ... 24
6.1 Konsekvensutgreiing ... 24
6.2 ROS-analyse ... 25
6.3 Arealregnskap ... 26
7 Krav til utgreiing av innspel ... 26


1 Kort fortalt

1.1 Kommuneplanen

Kommuneplanen består av ein samfunnsdel og ein arealdel. Gjennom samfunnsdelen vedtek kommunen sin visjon og satsingsområde for vidare utvikling av kommunen. I arealdelen konkretiserast dei føringane i samfunnsdelen som gir konsekvensar for arealbruken. Kommuneplanens samfunnsdel ble vedtatt i juni 2017. Gjeldande arealdel ble vedtatt i november 2013. Denne er det viktigaste grunnlagsdokumentet i revisjonsarbeidet.

Kommunestyret fastset, gjennom vedtak av kommuneplanens arealdel, kva som er tillaten arealbruk og kva for restriksjonar som gjeld, gjennom mellom anna arealformål, omsynssoner, temakart, føresegner og retningslinjer. Arealdelen er juridisk bindande og det overordna styringsdokumentet for arealpolitikken i kommunen. Arealdelen skal vere føreseieleg for vidare planlegging og saksbehandling. På denne måten sikrast utbyggjarar, innbyggjarar og andre aktørar kunnskap om korleis kommunens arealutvikling og vern skal vere i åra som kjem.

Arealdelen er ein grovmaska plan, og utbyggingsområde vert seinare planlagt meir detaljert i reguleringsplanar.



Figur 1: Det kommunale plansystemet. Kilde: Kommunal- og distriktsdepartementet

1.2 Om planprogrammet

Dette dokumentet er eit planprogram for arbeidet med revisjon av kommuneplanens arealdel. Planprogrammet er ikkje eit planforslag, men ei omtale av korleis kommunen vil legge opp planarbeidet og legge til rette for medverknad. Planprogrammet leggast ut på høyring og offentleg ettersyn i 6 veker før det fastsettast endeleg av kommunestyret.

1.3 Føremålet med planarbeidet

Føremålet med planarbeidet er ein full revisjon av heile kommunen sitt areal og skape ein heilskapleg og framtidsretta plan for arealbruken i Hjartdal kommune. Planen skal leggje til rette for ein berekraftig, balansert og målretta arealbruk. Gjeldande arealdel er frå 2013 og sidan den gong har det kome fleire endringar i nasjonale føringar til kommunal planlegging. Mange av dei føresetnadane som gjeldande planar baserer seg på er utdatert, og det har kome andre forventningar til kommunal planlegging. Det er difor naudsynt med ein rullering av kommuneplanen sin arealdel basert på ny kunnskap. Planen er grovmaska, og det er fleire område som manglar grunnleggjande kunnskap mellom anna knytt til skred og flaumfare.


I planarbeidet vil det både vere aktuelt å legge inn nye utbyggingsområde og på bakgrunn av ny kunnskap og nye føringar, vurdere om ikkje-realiserte byggeområde i gjeldande plan skal vidareførast eller tilbakeførast til LNF-føremål. Ein slik vurdering vil gjerast med bakgrunn i arealstrategiar for planarbeidet og reelle behov, der ein ikkje planlegg for meir omfattande utbygging enn det faktisk er behov for.

Kommunen vil vurdere behov for føresegner i ny kommuneplan som overstyrer eldre reguleringsplanar, det kan til dømes gjelde for ljosforureining.

Det er eitt mål med planprosessen at alle som ønsker det får høve til å bli høyrt. Planprosessen skal vere ryddig og forståeleg der interessene til fellesskapet skal vektast høgt, og der det er godt samsvar mellom lokale og regionale mål og vedtatt arealbruk.

1.4 Om planområdet Hjartdal kommune

Arealdelen av kommuneplanen skal omfatte alt areal innanfor kommunen sine grenser og er på totalt 791,614 km^2. Planen som skal rullerast ligg ute på heimesida til Hjartdal kommune: https://www.hjartdal.kommune.no/artikkel/Planar-og-strategiar



Figur 2: Gjeldande kommuneplanens arealdel

2 Rammer og føringar for planarbeidet

Ifølgje plan- og bygningslova § 1.1 skal planlegginga bidra til å samordne statlege, regionale og kommunale oppgåver. I arealplanen vil lovverk, nasjonale og regionale føringar leggje premissar for våre val lokalt. Overordna føringar er svært omfattande og dette kapittelet inneheld nokre av dei viktigaste føringane for planarbeidet utan å vere uttømmande.

2.1 Nasjonale føringar

Staten har gjennom Kongeleg resolusjon 20.juni 2023 nedfelt "Nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging". Dette dokumentet inngår i det rullerande plansystemet, er heimla i plan- og bygningslova § 6-1, og markerer på mange måtar starten på arbeidet med kommunale planstrategiar. I 2015 vart 2030-agendaen med dei 17 berekraftsmåla vedtatt av alle FN sine medlemsland. FN sine berekraftsmål gjev viktige globale føringar og er verden sin felles arbeidsplan for mellom anna sikre sosial rettferd og god helse og stoppe tap av naturmangfald og klimaendringar. Måla skal syne veg mot ei berekraftig utvikling på kort og lang sikt.



Figur 3. FNs berekraftsmål. Henta frå Folke et al. (2016).

Forventningsdokumentet ***Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027*** har fem overordna perspektiv som er vald som utgangspunkt som er nødvendig for kommunar og regionar å følgje opp:

1. **Samordning og samarbeid i planlegginga**

Regional og kommunal planlegging er det viktigaste styringsverktøyet fylkeskommunane og kommunane har for ei berekraftig samfunnsutvikling basert på lokalt folkestyre. Regjeringa meiner det er viktig at det i samfunns- og arealplanlegginga blir lagd til rette for trygge, berekraftige og levande lokalsamfunn i heile landet. Dei overordna planane skal peike ut

retning for samfunnsutviklinga, bidra til at ein når berekraftsmåla, og samordne oppgåver og omsyn som er viktige for å få til dette. Oppdaterte planar er nødvendige for å ta tak i aktuelle utfordringar og for å sikre at nasjonale rammer og mål blir følgde opp. Planprosessar som er opne og involverande, gjev legitimitet til vedtekne planar. Det er samtidig viktig at planane er realistiske og legg til rette for effektiv ressursbruk i det offentlege og for private. Dette krev ei tett kopling mellom overordna planlegging og økonomiplanlegging.

2. Trygge og inkluderande lokalsamfunn

Noreg er variert og mangfaldig, og dette mangfaldet er verdifullt. Regjeringa er oppteken av at fylkeskommunane og kommunane i planlegginga legg til rette for trygge og inkluderande lokalsamfunn i heile landet. Eit sosialt berekraftig samfunn føreset at vi lykkast med å utvikle store og små byar, større og mindre tettstader og spreiddbygde strøk, slik at det er godt å bu, leve og arbeide der. Samfunns- og arealplanlegginga skal sikre fysiske omgjevnader og sosiale arenaer som er varierte, inkluderande og varige, med tilgang til nødvendige tenester for alle delar av folkesetnaden. Gode lokalsamfunn og nabolag i by og bygd gjev grunnlag for stabile bumiljø og livskvalitet i ulike fasar av livet. Attraktive og godt planlagde omgjevnader, tilgang til natur og varierte tilbod og møteplassar er viktig for identitet, folkehelse, og miljø.

3. Velferd og berekraftig verdiskaping

Velferd og verdiskaping for framtida må utviklast innanfor ramma av sosial, økonomisk og miljømessig berekraft. Regional og kommunal planlegging er viktige verktøy for å leggje til rette for grøne næringar og overgangen til ein meir sirkulær økonomi, sikre god infrastruktur og bidra til omstilling i offentleg sektor. Heilskapleg planlegging er nødvendig for å sikre ressursgrunnlaget for utvikling av natur- og kulturbaserte næringar som landbruk, reindrift, fiskeri og reiseliv. Eit berekraftig velferdssamfunn med levande distrikt er avhengig av at det blir skapt verdiar i heile landet. Gode rammevilkår for eit mangfaldig, berekraftig og konkurransedyktig næringsliv er sentralt. Fylkeskommunane og kommunane kan gjennom si planlegging og kunnskap om regionale og lokale føresetnader og fortrinn gje eit viktig bidrag til å stimulere berekraftig næringsutvikling i heile breidda av næringslivet, og dermed bidra til å leggje til rette for vekstkraftige regionar og lokalsamfunn.

4. Klima, natur og miljø for framtida

Parisavtalen om klima og det globale rammeverket for naturmangfald gjev rammer for nasjonal politikk og er sentrale for å kunne nå berekraftsmåla. Langsiktig velferd, verdiskaping og livskvalitet i tråd med berekraftsmåla er avhengig av at ein varetek mange omsyn samtidig: Vi må halde intakte økosystem ved lag, vareta naturmangfaldet, kulturmiljø og friluftslivsområde og avgrense og tilpasse oss klimaendringane, samtidig som vi sikrar vidare utvikling av gode offentlege tenester, infrastruktur og lønsam næringsverksemd. Regjeringa meiner heilskapleg samfunns- og arealplanlegging må bidra til at ein ser innsatsen for klima og miljø i samanheng og på tvers av sektorane. Viktige tema i regionale og kommunale planar framover vil vere omsyn til naturmangfald, omstilling til eit klimarobust lågutsleppssamfunn, langsiktige arealvurderingar for å minimere arealtapet av natur og heilskapleg forvalting av vassressursane.

5. Samfunnstryggleik og beredskap

Sikre og oversiktlege lokalsamfunn er den viktigaste ramma for at vi alle skal ha ein trygg kvardag. Fylkeskommunane og kommunane kan som planstyresmakter bidra til dette ved å leggje til rette for at ny utbygging er trygg mot naturfarar no og i framtidsklimaet, og mot

ulykker og annan samfunnsrisiko. Dette sikrar ein best gjennom tverrfagleg og heilskapleg arbeid med samfunns- og arealplanar, risiko- og sårbarheitsanalysar og beredskapsplanar. Samfunnet er avhengig av at planlegginga sikrar areal for matproduksjon og bidreg til tilgang til reint og tilstrekkeleg drikkevatn, kraftforsyning og kommunikasjon. God beredskap er også avhengig av at ein sikrar Forsvaret sine arealbehov.

Andre nasjonale føringar

Sentrale lover og retningslinjer som legg føringar for kommunal planlegging:

- Lov om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven)
- Lov om friluftslivet (friluftsloven)
- Lov om jord (jordlova)
- Lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret(sivilbeskyttelsesloven)
- Lov om kulturminner (kulturminneloven)
- Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningslova)
- Lov om skogbruk (skogbrukslova)
- Lov om vassdrag og grunnvann (vannressursloven)
- Forskrift om konsekvensutretninger for planer etter plan- og bygningsloven (FOR 2014-12-19-1726)
- Forskrift om rikspolitisk bestemmelse for kjøpesentre (FOR 2008-06-27 nr 742)
- Drikkevannsforskrift av 10.01.2017
- Kart- og planforskrifta
- Forskrift om rammer for vannforvaltningen
- Nasjonal jordvernstrategi (Prop. 127 S (2014–2015)
- Meld. St. 18 (2016 – 2017)Berekraftige byar og sterke distrikt
- Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442/2012)
- Rikspolitiske retningslinjer for universell utforming.
- Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag. - Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planleggingen
- Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging (Kgl. res. av 26.09 2014).
- Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpasning
- Natur for livet - Norsk handlingsplan for naturmangfold. Meld. St. 14 (2015-2016)

2.2 Område med restriksjonar eller særlege verneinteresser

Kommunen har store naturverdiar som det må takast omsyn til i planarbeidet. Fleire store område er bandlagt etter naturmangfoldsloven:

- Delar av Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde
- Flottin fuglefredingsområde
- Kleppefjell naturreservat
- Ambjørndalen naturreservat
- Oppsaljuvet naturreservat
- Dalåsen naturreservat

3 område er verna etter vassdragsloven:

- Kåla (Sjåvatn)

- Digeråi (Sjåvatn)
- Mjella (Lifjell)

2.3 Regionale føringar

Regional planstrategi
Regionalt planmynde skal i følgje plan- og bygningslova utarbeide ein regional planstrategi minst ein gong i kvar valperiode (PBL §7-1). Den regionale planstrategien skal gjere greie for viktige regionale utviklingstrekk og utfordringar, vurdere langsiktige utviklingsmoglegheiter og ta stilling til kva spørsmål som skal takast opp gjennom regional planlegging. Både statlege og regionale organ og kommunane skal etter lova leggje planstrategien til grunn for vidare planlegging i regionen.

Regional planstrategi 2020-2024 for Vestfold og Telemark fylkeskommune vart vedteken i desember 2020. Ny regional planstrategi er under utarbeiding, Telemarksplanen 2024-2027.

Regional plan for vannforvaltning for Vestfold og Telemark vannregion 2022-2027
Planen skildrar kva som er miljømåla for åra 2022-2027, og kva for tiltak som vert foreslege for å verne, forbetre og restaurere vassmiljøet slik at måla vert nådd i planperioden.

Regional plan for samordna areal og transport i Telemark 2015-2025
I retningslinene for areal og transportplan (ATP) for Telemark (2015-2025) er det presisert at utbygging skal sikre samanhengande grønstrukturar for naturen. I tillegg skal minimum 70 % av bustadbygging skje innanfor definert senterstruktur og tettstadgrenser i kommuneplanen sin arealdel.

Forvaltningsplan Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde 2017-2027
Forvaltningsplanen skal vere eit praktisk hjelpemiddel for å oppretthalde og fremje verneføremåla og verneverdiane, sikre ei føreseieleg forvaltning ovanfor brukarane, etablere ei langsiktig, berekraftig lokal forvaltning. Forvaltningsplanen skal vere ei kjelde til informasjon om kva for aktivitetar som er tillatne innafor verneområdet, kva for tiltak som kan godkjennast etter nærare søknad, kva for tiltak som er forbode, samt informasjon om særlege tilretteleggingar i dei ulike forvaltningssonene.

Andre regionale føringar
- Regional klimaplan 2019-2026
- Regionalt næringsprogram for landbruket 2019
- Risiko og sårbarhet for Vestfold og Telemark 2020
- Regional plan for folkehelse (2019-2030)

2.4 Lokale føringar

Kommuneplanen sin samfunnsdel 2017-2027
Samfunnsdelen av kommuneplanen vart vedteke av kommunestyret sommaren 2017 og inneheld mål og strategiar innanfor tre satsingsområde: Det gode vertskap, Det grøne alternativet og Det nye blikket. Samfunnsdelen gjev dei overordna føringane for innhaldet i arealdelen.

Utval av andre relevante planar
- Kommuneplanen sin arealdel 2013-2023


- Planstrategi 2020-2023
- Trafikktryggleiksplan 2020-2024
- Kulturmiljøplan under arbeid
- Kommunedelplan for naturmangfald under arbeid

3 Utviklingstrekk, utfordringar og viktige problemstillingar


3.1 Folketalsutvikling og busettingsmønster

Folketalet i Hjartdal hadde ei positiv utvikling i 2022 med ein auke på 26 innbyggjarar noko som gjev ein vekst på 1,66 %, jamvel om målet for folketalet blei nedjustert frå 1.700 til 1.600 innbyggjarar. Om ein ser på tala bak denne utviklinga ser ein framleis at det er nettoflyttinga og netto innvandring som er den største einskilde faktoren. Det har vore fødselsoverskot i kommunen dei to siste åra, men om dette er ein trend som vil helde fram er for tidleg å seie noko sikkert om. I fylje Statistisk sentralbyrå sine befolkningsframskrivingar vil Hjartdal i 2050 har ein befolkning på 1448 innbyggjarar. Det er i snitt 2,2 bebuarar per hushald i kommunen medan landsgjennomsnittet er 2,11 bebuarar per hushald.

Den positive tilflyttinga dei siste åra seier noko om viktigheita av at me har gode og tilstrekkelege areal tilgjengeleg for framtidig bustadutvikling. Hjartdal er ein lite urbanisert kommune med ein befolkningstettheit på 2 innbyggjarar per km^2. Med nokre få unntak så er det spreidd busetting som er det dominerande. I fylje tal frå Statistisk sentralbyrå er det 867 bustadhus(einebustad) medan det berre er registrera 13 leilegheiter. Kommuneplanen sin arealdel vil difor måtte peike på aktuelle områder for ulike typar busetting. På den måten legg me til rette for eit variert bustadtilbod med leilegheiter, einebustader og spreidd utbygging. Ser ein på alderssamansetninga i befolkninga i Hjartdal ser ein at også her i kommunen blir hovudtyngda av befolkninga eldre noko som kan medføre eit aukande behov for leilegheiter og mindre «lettbudde» bustadhus.




Kilde: Befolkning, Statistisk sentralbyrå



Figur 4: Kartet syner befolkning pr grunnkrets

3.2 Fritidsbustadar

Det er i dag nesten 2500 fritidsbustadar i Hjartdal kommune og det er hytter i alle delar av kommunen. I kommuneplanen sin arealdel er det lagt til rette for vekst i talet på hytter i åra som kjem der Tuddal er peika ut som hovudsatsingsområde for utbygging.




Figur 5: Fritidsbustader i Hjartdal.

3.3 Landbruksnæringa

Landbruksnæringa har vore ein av grunnpilarane for busetnaden på bygdene og Hjartdal er den kommunen i fylket med størst tal på arbeidsplassar innan jordbruk, skogbruk og fiske. Nær halvparten av innbyggjarane i Hjartdal bur på gard (47,5 % i 2021). Det er viktig at kommunen og næringa i fellesskap nyttar potensialet som ligg her til det beste for innbyggjarane, næringsdrivande og i reiselivssamanheng.

Nordbygda i Hjartdal er saman med Svartdal i Seljord kommune «Utvalt kulturlandskap» i nasjonalt perspektiv. Bondal er også kjend for sitt verdifulle kulturlandskap. I det særprega kulturlandskapet i kommunen finnest mykje gamal kulturmark og slåttemarker i kontinuerleg drift.



Figur 6. Det er i dag 51 Utvalgte kulturlandskap i Norge, ett av disse er Nordbygda i Hjartdal. I tillegg er det registrert verdifulle kulturlandskapsområde med biologiske og kulturhistoriske verdiar med høg prioritet i Hjartdal.

Dei dyrka areala legg grunnlaget for matproduksjonen som skjer i Hjartdal, men ein må òg ha med at areala har ein særleg verdi i beredskapssamanheng og som kulturlandskap. Eit aktivt og levande landbruk som samstundes held kulturlandskapet i hevd krev store investeringar med trong for langsiktige rammevilkår. Det er difor viktig at kommunen fører ein restriktiv og påreknelig politikk når det gjeld omdisponering og omregulering av dyrka mark. Utviklinga i talet bruk er som i resten av Telemark og landet elles, at det går mot færre bruk, som driv meire areal. Det er eit nasjonalt mål at produktiv landbruksjord ikkje vert omdisponert til andre føremål.

4 Hovudtema for planarbeidet

Samfunnsdelens tre satsingsområde med underliggande mål og strategiar er førande for planarbeidet:

- Det gode vertskap
- Det grøne alternativet
- Det nye blikket

Saman med FNs bærekraftsmål og dei tre bærekraftsdimensjonane legg dei ramma for planarbeidet:

- Miljømessig bærekraft
- Sosial bærekraft
- Økonomisk bærekraft

Med utgangspunkt i dette har kommunestyret definert 4 hovudtema med arealstrategiar for planarbeidet. Arealstrategiane konkretiserer kva for føringar dette gir for planarbeidet, både for vurdering av innspel og utarbeiding av planforslaget. I avsnitta under er desse omtalt.

Det skal gjennomførast konsekvensutgreiing og risiko- og sårbarheitsanalyse i tråd med plan- og bygningsloven, sjå nærare omtale i kap. 6.

4.1 Variert bustadtilbod

Arealstrategiar:

- *Legge til rette for eit meir variert bustadtilbod med fleire leilegheiter og mindre einingar i tettstadene.*

Kommunen har i samfunnsdelen satt seg mål om å ha ei auke i innbyggartalet til minst 1700 i løpet av 2027. Dette målet er i seinare tid justera til 1600, og på grunn av stor tilflytting av flyktningar frå Ukraina er dette målet allereie nådd, med 1640 innbyggarar ved utgangen av 2023.

Sauland er kommunen sin største tettstad og hovudsenteret for tenester i kommunen. Kommunen har fleire små bygdesenter i Tuddal, Hjartdal og Bondal.

Det byggast i snitt 2 nye bustader i kommunen pr år, og i følgje Bustadplanen for Hjartdal som vart vedteken i 2022 treng ein om lag 30 nye bueiningar innan 2027. For å lykkast med dette målet må kommunen ta nye grep.

Hjartdal kommune står overfor store endringar i demografi. Framskrivingar viser at det forventast ei stor auke i dei eldre aldersgruppene, samtidig som prognosane viser nedgang i folketalet.

Kommunen har vedtatt ein bustadplan, med mellom anna følgande tiltak:

- Kommunen er aktør i bustadmarknaden for å stimulere til nybygging og meir variert bustadmarknad
- Kommunale bustader for utleige
- Fleire leilegheiter og samarbeid med private aktørar, mest aktuelt i Sauland sentrum

Kommunen ønsker å legge til rette for eit meir variert bustadtilbod i ny kommuneplan, med fleire leilegheiter og mindre einingar i tettstadene, både for å møte befolkningsutviklinga med aukande tal på eldre, og for å legge til rette for førstegongsetablerarar og einslege. Fleire bustader nær tenestetilbodet er viktig både for å møte eldrebølga og for å få fleire til å busette seg her. Hjartdal er del av eit større bu- og arbeidsmarked og kommunen vil arbeide for å tiltrekke seg fleire som vil busette seg og bli buande i kommunen.

I gjeldande reguleringsplanar ligg ein bustadreserve på 23 tomter for einebustader i heile kommunen, men nokre av desse er urealistiske. Den største bustadreserven ligg i sentrumsplanen for Sauland, kor det kan byggast fleire leilegheiter på grunnlag av reguleringsplanen.

I gjeldande kommuneplan ligg det store areal for bustadbygging som ikkje er realisert eller regulert, til saman ca 230 daa, som svarar til om lag 130 einebustader. I planarbeidet vil kommunen gå gjennom dei områda som ikkje er realisert og vurdera om dei skal vidareførast, eller om andre område bør prioriterast.

Omfanget av spreidd bustadbygging i landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF-område) dei siste 10 åra er avgrensa. Til saman er det bygd 8 nye bustadar innanfor LNF-områda, kor tre av desse er kårhus. Gjeldande kommuneplan har to mindre område for LNF spreidd bustad, og innafor desse er det berre bygd tre bustader i perioden 2009 – 2011.

4.2 Tuddal er satsingsområde for fritidsbustader og destinasjonsutvikling

Arealstrategiar:

- *Tuddal er satsingsområde for fritidsbustader og destinasjonsutvikling.*
- *Planen skal legge til rette for fritidsbustader i eit omfang som svara til dagens kapasitet på vassverket og reinseanlegget.*
- *Fortetting av eksisterande byggeområder skal prioriterast før nye utbyggingsområde.*
- *Planens skal fastsette ein langsiktig utbyggingsgrense for fritidsbustader i Tuddal som tar omsyn til viktige naturverdiar, villreinens leveområde, omsyn til friluftsliv og landskap og destinasjonens attraksjonsverdi.*
- *Gjennomgå eldre reguleringsplanar for fritidsbustader, områder for fritidsbustader i gjeldande plan som ikkje er regulert og område for spreidd fritidsbustad og vurdere behov for å omdisponere desse på bakgrunn av arealstrategiane for planarbeidet og oppdatert kunnskapsgrunnlag.*

Tuddal er kommunens satsingsområde for fritidsbustader og destinasjonsutvikling. Her har kommunen også gjort større investeringar i infrastruktur og lagt til rette for offentleg vatn og avlaup. Kommunen ønsker å legge til rette for vidare utbygging av fritidsbustader i eit omfang som svarar til dagens kapasitet på reinseanlegget knytt til fritidsbustader i Tuddal. Investeringa er ein viktig infrastruktur for ein tyngre satsing på hytteutvikling som næring, og utvikling av fritidsbustader i område som ligg innanfor Kovstulheia-Russmarken reinsedistrikt vil ha prioritet i planarbeidet.

Hjartdal kommune har saman med Visit Telemark gjennomført ein forstudie for destinasjonsutvikling i Tuddal, med sluttrapport 2023. Den har fått fram eit kunnskapsgrunnlag for vidare arbeid, mellom anna som innspel til arbeidet med kommuneplanens arealdel. Forstudien viser mellom anna at innbyggjarar og eigarar av fritidsbustader har konkrete forslag til betring av infrastruktur, stigar og løyper osb. I planarbeidet vil ein arbeide vidare med dialog og vurdering av innspel som kan takast inn i arealplanen eller andre prosessar knytt til slike tiltak.

Forstudien viser også til at utfordringar knytt til manglande infrastruktur og dårleg tilrettelegging både i Tuddal og andre fjelldestinasjonar, skyldast fragmentert utbygging. Grunneigarorganisering er difor vurdert som ein føresetnad for å få til betre og meir heilskaplege løysingar framover.

Både for å sikre områdets attraksjonsverdi og for å ta vare på viktige omsyn og interesser ønsker kommune å fastsette ein langsiktig utbyggingsgrense for fritidsbustader i Tuddal som tar omsyn til viktige naturverdiar, villreinens leveområde, friluftsliv og landskap.

Fortetting av eksisterande byggeområde skal prioriterast før nye utbyggingsområde, og i planarbeidet vil ein sjå på moglegheita for å legge til rette for ein større del leilegheiter og varme senger i Tuddal.

Det ligg 2525 fritidsbustader innanfor heile Hjartdal kommune, og det ligg store tomte- og arealreservar i gjeldande planar i heile kommunen:

- Til saman er det potensiale for 1195 nye fritidsbustader innanfor gjeldande reguleringsplanar. Av desse er det 225 frådelte, men ikkje bygde tomtar og 970 ledige og ikkje frådelte tomtar
- Ca 7300 daa areal for fritidsbustad i gjeldande kommuneplan som ikkje er regulert. Dette svarar til ein stad mellom 1500 og 3000 nye fritidsbustader i område som ikkje er regulert.
- Gjeldande kommuneplanens arealdel har 16 område for spreidd fritidsbustad med til saman moglegheit for 64 nye einingar. Av desse er 16 realisert i planperioden, fordelt på 5 område.

Samla potensiale for nye fritidsbustader i heile kommunen i gjeldande kommuneplan er med dette ein stad mellom 2750 og 4220.

Som ledd i planarbeidet vil kommunen gjennomgå eldre reguleringsplanar for fritidsbustader, arealreserve for fritidsbustader i gjeldande kommuneplan som ikkje er regulert, og område for spreidd fritidsbustad i heile kommunen. Kommunen vil vurdere behov for å omdisponere nokre av desse på bakgrunn av arealstrategiane for planarbeidet og oppdatert kunnskapsgrunnlag. Alle nye område for fritidsbustader skal vurderast opp mot eksisterande offentleg nett for vatn og avlaup og kommunen vil prioritere utviklingsområde med moglegheit for tilknyting til det kommunale v/a-anlegget.

4.3 Natur- og kulturverdiar skal takast vare på og brukast i lokal verdiskaping

Arealstrategiar:

- *Ved vurdering av nye byggeområde og gjennomgang av område som ikkje er realisert i gjeldande kommuneplan og reguleringsplanar vil bevaring av naturverdiar, myr og dyrka mark bli vektlagt.*
- *Kommunen vil gå i dialog med Statens vegvesen om framtidig trasé for E134 gjennom Hjartdal kommune for å avklare framtidig trasé, også for å unngå nedbygging av naturområde og kulturlandskap*
- *Kommunen ønsker å legge til rette for solkraftanlegg som tar omsyn til natur- og miljø.*


Kommunen vil ha særskilt fokus på å verne om og bruke natur- og kulturverdiane i lokal verdiskaping. Bevaring av naturverdiar, myr og dyrka mark vil bli vektlagt når forslag til nye byggeområde skal vurderast og ved gjennomgang og vurdering av område som ikkje er realisert i gjeldande kommuneplan og eldre reguleringsplanar.

Harmonisering med forvaltningsplanar for Brattefjell-Vindeggen er naudsynt for å få til ein god arealpolitikk av dette viktige landskapsvernområdet. Randsone og eventuell utbygging i denne, vil ha auka fokus i planen.


Kulturlandskapet vert skapt av eit aktivt landbruk og landbruksnæringa er avhengig av å ha eit ressursgrunnlag for å ha ei aktiv drift. Ein viktig del av kulturlandskapet er området Hjartdal Nordbygd. Her er eit variert kulturlandskap med store naturfaglege, landbruks- og kulturelle verdiar. Status som nasjonalt verdifullt kulturlandskap kan vere med å styrke området og føre med seg ein berekraftig tilnærming for framtidas landbruksnæring.

Det er knytt eigne prosessar til planlegging av framtidig trasé for E134, men kommunen vil bruke kommuneplanprosessen til å gå i dialog med Statens vegvesen og signalisere ønske om avklaring for framtidig trasé. Det vil bidra til å ta vare på store naturområde og kulturlandskap i kommunen.

Det er fleire initiativ for utvikling av solkraftanlegg i Hjartdal, og kommunen ønsker å legge til rette for solkraftanlegg som tar omsyn til natur- og miljøverdiar.



Figur 7: Kartet syner gjeldande arealplan saman med villreinområde og landskapsvernområdet Brattefjell – Vindeggen.



Figur 8: Kartet syner kor det er skog, myr, fjell og dyrka mark i Hjartdal kommune

4.4 Samfunnstryggleik og klimatilpassing

Arealstrategiar:

- *Planen skal ivareta omsynet til samfunnstryggleik og beredskap basert på oppdatert kunnskap og behov for tilpassing til klimaendringar.*
- *For å ivareta omsyn til flaumfare langs Hjartdøla leggast eksisterande flaumsonekartlegging til grunn der dette finnast og elles brukast aktsemdskart.*

Ifølgje Klimaprofil for Telemark vil gjennomsnittstemperaturen auke med 4,0 °C, med størst auke på vinteren. Årsnedbøren er venta å stige med 10 %, med sesongmessig endring som gjev sterkast utfall haust og vår, nett i den tida ein tradisjonelt kan vente flaum i vassdraga. Klimaendringane vil påverke Hjartdal sitt samfunn dei neste 100 åra, allereie no ser ein utfordringar knytt til tørke, ekstremnedbør, flaumar og øydeleggingar.



Figur 9: Klimaprofil for Telemark (Norsk klimaservicesenter 2022)

Episodar med kraftig nedbør ventast å auke vesentleg både i intensitet og hyppigheit, og dette vil stille større krav til handtering av overvatn. Tette flater gir raskare avrenning enn naturlege flater og fører til auka fare for flaum i bekker og vassdrag dersom vatnet vert leda for raskt ut i vassdraga. Når avrenninga aukar, aukar og hastigheita på vatnet slik at


erosjonsfaren vert større. Klimapåslaget for overvatn er det same som klimapåslaget for kraftig nedbør.

Hjartdøla som renn gjennom Sauland er eit slikt vassdrag, og noko kartlegging er gjort i samband med arbeidet med sentrumsplanen for Sauland. Skredfaren kan òg auke med sterkare nedbør.

5 Planprosessen

5.1 Prosjektorganisering

Organisering av arbeidet med kommuneplanen sin arealdel for Hjartdal kommune er synt i figuren under:



Figur 10. Syner korleis arbeidet med kommuneplanen sin arealdel er organisert i Hjartdal kommune.

Formannskapet er politisk styringsgruppe for planarbeidet. Arbeidet med arealdelen vil vere tema på kommunedirektøren sitt leiarmøte og denne gruppa vil fungere som ei administrativ styringsgruppe som kjem med råd og innspel til prosjektgruppa i planprosessen.

5.2 Framdrift

Planprogrammet vil bli fastsett av kommunestyret i løpet av 2. kvartal 2024. Planforslag med konsekvensutgreiing vil utarbeidast fram til vinteren 2024, og eit planforslag skal vere klart til

handsaming før nyttår 2024 (1. gongs handsaming). Etter dette leggast planforslaget på høyring og offentleg ettersyn i 6 veker før endeleg planvedtak i løpet av 2. kvartal 2025.

Tabell 1. Framdriftsplan for kommunedelplanen sin arealdel i Hjartdal kommune.

Fase 2 Jan. – mai 24	Fase 3 Mars – sept. 24	Fase 4 Aug. – des. 24	Fase 5 Jan. – juni 25
Aktivitet	**Aktivitet**	**Aktivitet**	**Aktivitet**
Politisk behandling av planprogram	Supplering av grunnlagsmateriale/ analysar	Regionalt planforum	Utsending av planforslag på høyring
Varsel om oppstart og høyring av planprogram	Oppsummering og vurdering av innspel om utbyggingsområde	Utarbeiding av komplett planforslag	Folkemøte med presentasjon av planforslaget
Regionalt planforum	Gjennomgang av gjeldande plankart og føresegner	1. gongs handsaming av planforslaget	Oppsummering og vurdering av merknader fram til 2. gongs handsaming
Ope tematiske drøftingsmøte Tema avklarast seinare	Politisk verkstad med drøfting av sentrale problemstillingar og grovsiling av innspel		Oppretting av plandokument og plankart etter høyring
Vurdering av innspel til planprogram	Konsekvensutgreiing av innspel etter grovsiling		2 .gongs handsaming og vedtak av planforslaget
Justering av planprogram etter høyring			Evt. mekling og eller ny høyring
Fastsetting av revidert planprogram i kommunestyret			Oppretting av plandokument og plankart etter endeleg vedtak

5.3 Medverknad

Planarbeidet vil bygge vidare på tidlegare medverknadsarbeid supplert med ulike medverknadsopplegg for å sikre moglegheit for god involvering frå befolkninga gjennom planprosessen.

Under høyringa av planprogrammet kan alle som ønsker komme med innspel både til planprogrammet og til planen, både som konkrete arealinnspel og som generelle innspel til planen, til dømes føresegnene.

Samhandling med statlege og regionale myndigheiter og nabokommunar vil vere viktig for å diskutere både planprogrammet og konkrete løysingar og konsekvensar undervegs i prosessen. Kommunen ønsker å bruke regionalt planforum i denne samanheng, og har lagt opp til eit møte i regionalt planforum når planprogrammet er på høyring, og eit møte før planforslaget ferdigstillast til 1. gongs handsaming.

I perioden når planprogrammet er på høyring vil det bli arrangert temamøte knytt til eit eller fleire av hovudtema i planarbeidet. Her vil det bli invitert inn aktuelle deltakarar (næringsliv, lag- og organisasjonar, politisk, ressurspersonar m.v.) utifrå tema for å få fram gode råd og forslag knytt til ulike problemstillingar.

Aktuelle tema kan vere knytt til:

- Bustadutvikling – sett i lys av samfunnsutviklinga framover
- Destinasjonsutvikling Tuddal

Kommunen vil også ha open kontordag der enkeltpersonar kan drøfte og få bistand til eigne innspel til framtidig arealbruk. Tidspunkt for møta og open kontordag vil bli nærare kunngjort.

I høyringsperioden vil forslag til planprogram særskilt leggjast fram for Barnas representant i plansaker, Ungdomsråd, Råd for eldre og personar med funksjonsnedsetjing samt andre kommunale einingar.

I planarbeidet skal kommunen gjere vurderingar om gjeldande arealbruk og byggeområde skal oppretthaldast, både eldre reguleringsplanar og byggeområde som ikkje er regulert. Kommunen vil ha dialog med aktuelle grunneigarar/aktørar i denne prosessen.

Når planforslaget er på høyring vil det bli halde opne folkemøte om planen med moglegheit for å høyre nærare om innhaldet i planen. Det kan vere aktuelt å halde dette som eit felles folkemøte, eventuelt som eigne folkemøter i dei tre bygdene Sauland, Tuddal og Hjartdal.

5.4 Innspel til planarbeidet

Merknader og innspel til planprogrammet og til planen skal sendast til post@hjartdal.kommune.no eller Hjartdal kommune, Saulandsvegen 414, 3692 Sauland.

Frist for innspel er **10.05.2024.**

Alle kan komme med innspel til planprogrammet, arealbruk og føresegner ved oppstart av planarbeidet, samstundes med at planprogrammet er på høyring. Som nemt i kap.5.3 vil det bli ein open kontordag der ein kan få bistand til innspel om arealbruk, og svar på andre spørsmål ein har til planarbeidet.

Kontaktperson for planarbeidet er Simen Storøy, han kan kontaktast på e-post: Simen.Storoy@hjartdal.kommune.no og telefon: 409 16 689

I denne fasen har ein første moglegheit for å påverka planarbeidet ved å komma med skriftlege innspel. Nye arealinnspel må sendast inn i denne fasen. Sjå eiget kapittel om krav til innspel.

Arealstrategiane i kap 4 konkretiserer føringane for planarbeidet, og kommunen vil sjå til desse ved vurdering av innspel og utarbeiding av planforslaget.

Etter at planforslaget er utarbeidd, vil det sendast ut på offentleg høyring. Alle som har komme med innspel vil bli varsla om høyringa. I denne fasen er det siste moglegheit til å påverke planarbeidet ved å komme med skriftlege innspel til planforslaget. I denne fasen opnast det ikkje for nye arealinnspel av omsyn til framdriften i planarbeidet. Dersom kommunen skulle ta inn nye arealinnspel i denne fasen, måtte planforslaget sendast på ny høyring. Det er difor viktig at nye arealinnspel kjem i første høyringsrunde, slik at ikkje planarbeidet vert utsett lenger enn naudsynt. Etter høyringa, vil planforslaget redigerast og bli framlagt til politisk handsaming. Det er kommunestyret som vedtek den endelege planen.

6 Utgreiingstema

6.1 Konsekvensutgreiing

Det skal som ein del av arealdelen gjennomførast ei konsekvensutgreiing, der verknader for miljø og samfunn skal skildrast for alle nye område for utbygging, og der arealbruken vert vesentleg endra i eksisterande byggeområde. Oppdatering av arealdelen i samsvar med vedtekne reguleringsplanar vert ikkje omfatta av kravet om konsekvensutgreiing. Det skal takast utgangspunkt i metodikken skissert i rettleiaren frå MD "Konsekvensutredninger, Kommuneplanens arealdel".

- Avgrensing av utgreiingsområde/ influensområde.
- Verdien av området.
- Omfanget (påverknad) i forhold til 0-verdien.
- Konsekvens. Samanstilling av verdien av området med omfanget av tiltaket.
- Samla vurdering av konsekvens.

Vurdering av konsekvensar for dei enkelte utgreiingstema og samla konsekvens for utbyggingsforslaget bør kunne etterprøvast og det skal difor gå tydeleg fram korleis verdien av eit område og omfanget av utbygginga er vurdert og fastsett. For dei tema der metodikken er uhensiktsmessig, skal det nyttast ei verbal vurdering av foreslått utbyggingsformål med fastsetting av konsekvensar basert på kriteria bestemt på førehand. Konsekvensutgreiinga skal i utgangspunktet baserast på eksisterande kunnskap. Innanfor enkelte fagtema og i enkelte område kan det vere behov for oppdatering av denne kunnskapen. Aktuelle utgreiingstema er basert på krav i Forskrift om konsekvensutgreiingar, med nokre relevante tilpassingar. I tabbelen under er det lista opp dei mest aktuelle utgreiings temane.

Tema	Eksisterande kunnskap	Evt. behov for ny kunnskap
Kulturminnar, kulturmiljø og kulturlandskap	• Askeladden • Pågåande arbeid med kommunal kulturmiljøplan	Det er trong for kartfesting og bruka av omsynssone med tilhøyrande føresegn for dei mest verdifulle kulturmiljøa.
Landskap og terreng	• Hellingskart	Nei
Folkehelse		Nei
Dyrka og dyrkbar mark og beitebruk	• AR5 • Beitelagskart	
Naturmangfald	• Registrerte viktige naturtypar • Utvalde naturtypar • Artskart • Viltkart • Villreinens leveområde • Pågåande arbeid med kommunedelplan for naturmangfald.	Naturtypar vil bli kartlagt etter NiN-metodikk i nye byggeområde der ein vurderar at det er potensial for funn.

Tema	Eksisterande kunnskap	Evt. behov for ny kunnskap
		Innhente oppdatera villreinkart frå Norsk villreinsenter.
Transportinfrastruktur		
Vatn og avlaup	• Kart over eksisterande infrastruktur • Avgrensing av dagens reinsedistrikt • Eksisterande føresegn	Oversikt over moglege abonnentar. Trongen for nye føresegn
Barn og unges oppvekstvilkår		
Forureining (klimagass, forureining av jord og vann)	• Miljodirektoratet.no (klimagassutslepp) • Grunnforureining (miljødirektoratet)	Nei
Klimatilpassing	• Klimaprofil for Telemark • NVE Atlas • AR5 • Flaumsonekartlegging sentrum • Flaumsonekartlegging i forbindelse med GS-veg- Tuddal.	Nei
Friluftsliv og rekreasjon	• Tur- og friluftsruter (miljoatlas.miljodirektoratet.no) • Kartlagde og verdsette friluftslivsområde (miljoatlas.miljodirektoratet.no)	
Støyforureining	• Støyvarselkart for fylkesvegane	Nei
Beredskap og ulykkesrisiko	• Overordna ROS fra 2020 • NVE Atlas • Vegnett	Nei
Vassmiljø	• Vann-nett portal (NVE)	Nei
Mineralske ressursar og masseuttak	• NGU • GeoNorges kartkatalog- grus og pukk og mineralførekomstar	Nei
Naturfarar	• Aksemdsområde (NVE) • Fareområde (NVE) • Flaumsonar	Teikne inn naudsynte omsynssonar knytt til naturfarar.
Ljosforureining		Vurdera behovet

6.2 ROS-analyse

Kommunen har ein overordna ROS-analyse som vart vedteke av kommunestyre 14.12.2022. Denne tek føre seg tema og hendingar som vil vera aktuelle òg i samband med kommuneplan sin arealdel. Den overordna ROS-analysa må sjåast på som eit godt reiskap i samband med utarbeidinga av ny kommuneplan.

Det er jf. plan- og bygningsloven §4-3 krav om at det ved alle nye planar skal utarbeidast ein risiko- og sårbarheitsanalyse:

”*Ved utarbeidelse av planer for utbygging skal planmyndigheten påse at risiko- og sårbarhetsanalyse gjennomføres for planområdet, eller selv foreta slik analyse. Analysen skal vise alle risiko-og sårbarhetsforhold som har betydning for om arealet er egnet til utbyggingsformål, og eventuelle endringer i slike forhold som følge av planlagt utbygging. Område med fare, risiko eller sårbarhet avmerkes i planen som hensynssone, jf. §§ 11-8 og 12-6. Planmyndigheten skal i arealplaner vedta slike bestemmelser om utbyggingen i sonen, herunder forbud, som er nødvendig for å avverge skade og tap*”.

Det skal utarbeidast ein oversiktsanalyse (ROS) som skal syne alle risiko- og sårbarheitstilhøve som påverkar om areal er eigna til utbyggingsføremål og endringar av tilhøva i forhold til planlagt utbygging. Analysen er ei grov kartlegging av moglege risikofaktorar i kommunen for å kunne førebygge større skader på liv, helse, miljø og materielle verdiar.

6.3 Arealregnskap

Som del av kommuneplanprosessen vil kommunen utarbeide eit arealrekneskap. Arealrekneskapet vil utgjere ein viktig del av kunnskapsgrunnlaget for planprosessen ved å gi oversikt over kva som ligg av tomtereservar i gjeldande kommuneplan og omfanget av planlagt utbygging av ulike type areal. Arealregnskapet vil ta utgangspunkt i plandata og AR5-data.

Ved ferdig utarbeidd planforslag, vil arealrekneskapet vise forskjellen i arealbruk frå gjeldande til ny plan og slik supplere den samla konsekvensutgreiinga av planforslaget. Ved å vise omfanget av endringar i planlagt arealbruk for til dømes myrområde, skog og dyrka/dyrkbar mark vil arealrekeskapet tydeleggjere konsekvensar både av alternativ arealbruk og samla konsekvensar av planforslaget.

7 Krav til utgreiing av innspel

Alle kan komme med innspel til framtidig arealbruk i kommunen. Innspela vil bli vurdert på grunnlag av innsendt informasjon. Det er difor viktig at innspela inneheld føljande informasjon:

Kart over området i målestokk 1:1000 eller 1:5000 som syner eigedomsgrenser stadnamn og planområdet som er ynskja endra eller lagt inn i arealdelen. Kartet/ situasjonsplanen må og syne planlagt vegtilkomst.

Fyljande informasjon må vera med ved innspel til arealdelen:

Stadnamn/adresse, gards og bruknr.	
Forslagsstillars kontaktinformasjon (namn, adresse, e-post, telefon) evt. kontaktinfo til konsulent	
Føremålet med forslaget	
Arealets størrelse (dekar eller m2)	

Kva arealføremål og eller omsynssone har arealet i gjeldande kommuneplan? https://www.kommunekart.com/klient/hjartdal/publikum	
Kva arealføremål og eller omsynssone ligger evt. i gjeldande regulering https://www.kommunekart.com/klient/hjartdal/publikum	
Kva ønsker ein for arealføremål og/eller omsynssone	
Ved ønske om byggeformål: Type bygnad som ynskjast. Anslag – ca. tal på bustader / bustads type/ fritidsbustad eller evt. arbeidsplassar/størrelse næring. Utnytting av området?	
For byggeføremål: Forslag til køyre-, gang- og sykkeltilkomst	
Eksisterande tilgjengeleg teknisk infrastruktur som veg, vatten, avlaup, gang- og sykkelveg? Behov for ny infrastruktur?	
Eventuell annan informasjon om innspelet	

Ved rullering av kommuneplanen skal ein synleggjera kva konsekvens planen har for miljø og samfunn. Kvart innspel må difor innehalde informasjon om kva for konsekvensar innspelet gir, basera på aktuelle kjelder som:

- Miljødirektoratets Naturbase kart
- Artdatabanken - artskart
- NVE kartkatalog
- Skred, kvikkleire, flom
- Kulturminnesøk (Riksantikvaren)
- Nibio gardskart

Tema som må vurderast ved utforming av innspel:

- Konsekvens for dyrka eller dyrkbar mark.
- Konsekvens for born og unge, nærmiljø
- Konsekvens for landskap, terreng og omgjevnad
- Konsekvens for naturmiljø, biologisk mangfald (basera på kjent kunnskap)
- Konsekvens for vassmiljø- avstand til bekk eller vassdrag
- Konsekvens for myr
- Konsekvens for kulturminne, kulturmiljø eller kulturlandskap

Vidare må det gjerast greie for aktuelle naturfarar:

- Er området utsett for skredfare? (NVE sin kartkatalog)
- Grunnforhold og erosjon
- Flaumfare